



Studenttinget i Volda
Tlf. 70075151
stiv@hivolda.no
www.stivolda.no

Årsmelding

Studenttinget i Volda 2016

Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Målsetningar	3
2	Arbeid og fokusområder gjennom året	4
2.1	Møteaktivitet og vedtak i studenttinget.....	4
2.2	Arbeidsutvalet sitt arbeid	4
2.3	Studiestart 2016.....	4
2.4	Arrangement og kurs i regi av STiV	6
2.5	Synlegheit og profilering	7
2.6	Sosiale aktivitetar internt i STiV	8
3	Samarbeid	9
3.1	Samarbeid med studentlag og –organisasjonar	9
3.2	Samarbeid med HVO og Studentsamskipnaden	9
3.3	Samarbeid og deltaking regionalt og nasjonalt	9
4	Økonomi.....	11
4.1	Budsjett og rekneskap.....	11
4.2	Tildeling av velferdsmidlar	12
4.3	Strategiske midlar	12

1 Innleiing

Studenttinget i Volda (STiV) er det øvste studentdemokratiske organet ved HVO, og koordinerer den studentpolitiske verksemda ved høgskulen. Formålet med Studenttinget er å arbeide for studentane sine faglege, demokratiske og sosiale rettar.

Studenttinget består av 11 valde hovudrepresentantar, 2 frå kvar av dei fire avdelingane og tre frie representantar, og 11 tilsvarande vararepresentantar,

Arbeidsutvalet (AU) i STiV tek seg av den daglege drifta. AU består av seks studentar; leiar, fagansvarleg, internasjonalt ansvarleg, velferdsansvarleg, entreprenør- og næringslivs koordinator og informasjonsansvarleg. Nestleiar vert konsituert internt i AU, og i 2016 har fagansvarleg hatt denne funksjonen. Ved val av nytt AU i april, tok alle attval utanom informasjonsansvarleg, der Håvard Bjørnerem ovetok stafettpinnen etter Marie Dahle Storfjord.

1.1 Målsetningar

STiV sin strategiplan for 2014-2018 framhevar STiV sitt overordna mål om å arbeide for studiekvalitet og sikre studentane sine rettar og interesser i faglege, sosiale og velferdspolitiske spørsmål. STiV skal også arbeide for eit større engasjement blant studentane, og fungere som ein paraply for alle studentlag og –organisasjonar ved høgskulen.

STiV har også eit årleg arbeidsprogram. Arbeidsprogrammet for 2016-2017, vedteke 16. mars 2016, vart noko spissa samanlikna med tidlegare år. Fylgjande hovudpunkt vart lyft fram: Samarbeid, velferd og internasjonalisering.

2 Arbeid og fokusområder gjennom året

2.1 Møteaktivitet og vedtak i studenttinget

Studenttinget har hatt åtte møter i 2016; fire på vårsemesteret og fire på haustsemesteret. Dette inkluderer eit ekstraordinært møte i oktober sett av til drøftinga av spørsmålet om tilsett eller vald rektor. STiV har hatt 25 saker til handsaming.

Struktursaka, med spørsmål om eventuell samanslåing av HVO med andre universitet/høgskular, og saka om vald eller tilsett rektor, har vore dei mest omgripande sakene i 2016. Det vart skipa til ekstraordinært studenttingsmøte i oktober for å drøfte saka om valt eller tilsett rektor. I mars vart det også vedteke eit nytt styringsdokument for studentlag og -organisasjonar ved HVO.

2.2 Arbeidsutvalet sitt arbeid

AU har hatt møter om lag kvar veke og har handsama i overkant av 100 saker. I tillegg kjem det uformelle arbeidet AU gjer knytt til planlegging og gjennomføring av ulike arrangement, aktivitetar og tiltak, samt oppfylging av sakene frå Studenttinget.

Førelingar, deltidsjobb og anna har påverka møtehyppigheit. Det har vore lite aktivitet på kontoret, mykje sjukdom i AU og det er ikkje gjennomført så mykje arbeid som ynskjeleg eller planlagt. Sjølv med desse utfordringane, har AU over meir strukturert enn året før. Vi har opplevd manglande oppmøte på kontoret på dagtid grunna personlege utfordringar og obligatorisk undervisning. Vi har også opplevd ei rekkje sjukmeldingar som har gitt oss fleire utfordringar, men sjølve meiner vi at vi har takla desse godt.

2.3 Studiestart 2016

2.3.1 Fadderveka

Fadderveka 2016 gjekk over all forventning. Årets styre vart tilsett i slutten av oktober. Trass utfordringar og utskiftingar i styret fungerte samansetjinga godt. Evalueringar viser for det meste positive tilbakemeldingar, men studentane saknar framleis fleire alkoholfrie arrangement på kveldstid. Realiteten er at Fadderveka berre er ansvarleg for sine arrangement, medan Studenthuset Rokken køyrer konsertar og andre arrangement på kveldstid. Det nye styret for 2017 vart tilsett i oktober og har fått tilbakemeldingar på nettopp dette.

Elles har integreringa av dei internasjonale studentane gått mykje betre i år enn tidlegare. Internasjonalt ansvarleg vart kopla saman med Fadderansvarleg tidleg, og dei hadde ein god dialog med internasjonalt kontor. Utanlandsstudentane sakna eigne arrangement som gjorde at det vart hektiske periodar, men dette vart løyst på ein god måte. Dette vil vi tilrå vidare. Andre tips til nytt Faddervekestyre er å sjå på ei utviding med ei ekstra

veke, men då med rolege arrangement.

2.3.2 STiV sine aktivitetar ved studiestart

Allereie etter at nytt arbeidsutval vart vald i april, blei studiestart planlagt.

Planleggingslister og liknande frå fjordordet gjorde arbeidet lettare enn forventa. Vi meiner at listene burde vidareførast og verdsettast. Som det er gjort tidlegare, gjennomførte vi informasjonsrunder for dei klassane som hadde ønskje om det. E-post vart sendt ut til avdelingane i forkant, og dei fekk påminning før somaren og rett før studiestart. Til saman hadde vi over 20 rundar, berre for førsteårsstudentar. Her var det ønskje om nokre andreårsstudentar og desse vart tekne med.

I Fadderveka hadde vi stand fyrste dagen og under organisasjonstorget. Her brukte vi roll-ups, banner og anna profileringsmateriell for å vere synlege. Vi opplevde at det var eit fåtal som oppsøkte standen vår og at vi heller må hanke inn studentar. Vi meiner at dette gjeld fleire lag- og organisasjonar og det er nok ein god grunn at vi ikkje er godt kjent og at ein ikkje får eit bredt førsteinntrykk berre ved å sjå namnet vårt. Vi tilrår at AU satsar på "gratis produkt" som vaflar og kaffi for å trekke folk inn mot standen, men også at informasjonsmateriell som blir brukt er godt og enkelt opplysende om kven vi er og kva vi gjer. Elles fungerer det flott å stå ved Studenthuset og Studentsamfunnet som alltid lagar liv og røre.

Organisasjonstorget vart ein stor suksess der STiV sto ved sidan av Studentsamskipnaden i Volda representert av kantina og studentrådgjevaren. Dette fungerte fint fordi vi alle hjalp kvarandre med promoteringa.

2.3.3 Rekruttering og val av nye representantar til Studenttinget

Rekruttering vil alltid vere ein krevjande prosess, men betre suksess vart det i år. Denne gongen fekk vi tidlig inn nok studentar til valet slik at vi fekk køyre val tidlegare enn forventa. Vi fekk inn 26 kandidatar til valet og dermed fekk vi fylt studenttinget med kun ein omgang. Det var tydeleg at man måtte rekruttere ved å snakke med enkeltpersonar og bruke dei som tidlegare har vore med i tinget.

I prosessen med rekrutteringa var det ei utfordring å få heile AU til å delta. Vi promoterte lite før valet og vidare bør AU ta i bruk mest mogleg ressursar og alle i AU må delta i rekrutteringsprosessen. Det vil gjere arbeidet lettare for alle og ein vil kanskje få eit godt val med mange kandidatar.

2.3.4 Kontaktinfo til dei tillitsvalde

Å få samla inn kontaktinformasjon til alle tillitsvalde har vore eit problem i fleire år. Det kjem ofte for seint inn, nokre gongar så seint som i november. Årets AU var difor tidleg ute og allereie i mai sendte organisasjonskonsulenten ut påminningar om informasjonen. I forkant utvikla leiar og organisasjonskonsulent eit informasjonsskriv på kva ein tillitsvald skal gjere og korleis dei skal veljast. Leiar av AU var også på kvar av avdelingane sine frukostmøter og fortalde alle tilsette om prosessen og korleis dei

tillitsvalde skulle veljast etter retningslinjene. Vi opplever at dette fungerte tilstrekkeleg, men at det er stadig problem med å få tak i dei tillitsvalde.

2.4 Arrangement og kurs i regi av STiV

STiV har ei rekkje faste arrangement og kurs, i tillegg til ulike aktivitetar som varierer frå år til år. Dette året har vi hatt fylgjande arrangement:

Arrangement i regi av STiV 2016	Når	Samarbeid med	Oppslutning/ respons
Buddy week	Januar	Pangaia og Int.kontor	
Norwegian Night x2	Januar/ august	Pangaia og Int. kontor	Ca 120 per arrangement (Storsalen på Rokken)
Norsk kurs for internasjonale studentar	Jan.-mai		Gjennomsnittleg 40 deltakarar
Buddydagen	Første tysdag i kvar mnd		Har fungert tilstrekkeleg. Endringar vurderast.
Kunnskap i Vekst	20. januar 2016	HVO, VNF, SKNH, SB1SS	Knall arrangement! Godt oppmøte på stand og frå næringslivet, elles manglende oppmøte av studentar. Egen evaluering ligger i arkivet.
Skikurs for internasjonale studentar	Januar/februar	HVO, Internasjonalt kontor	Fungerte tilstrekkeleg.
UH-Nett Vest konferansen	Februar	UH-Nett Vest	Tema: arbeidsliv og næringsliv. STiV sendte 3 deltakarar.
Møte med studentrådet	Februar		Lite godt oppmøte (omkring 20 +- permøte). Men dei som har delteke har fått godt med informasjon, og har gitt gode tilbakemeldingar. Noko må gjerast for å få betre oppmøte.
Students At Risk	Februar	SAIH	Var her i samanheng med Internasjonal Dag. Hadde stand og kort informasjonsmøte på Rokken
Møte med studentlag og -organisasjonar			
Kurs psykisk helse	April	HVO, Sfs	Fullt Store BK. God respons både frå studentar og tilsette frå HVO/Sfs
Utveksling 1-2-3!	Oktober	Rokken	Veldig god respons, godt oppmøte
Kursing av studenttinget	September	HVO	Innføringskurs med leiar, også eige kurs med ulike representantar frå avdelingane
Kursing av tillitsvalde og lag- og organisasjonar	September	NSO	Standard innføring for dei tillitsvalte om rettigheter og pliktar.
Akademisk Skrivekurs	September	HVO, Biblioteket	Fullt Store BK. Vi ser at desse kursa er svært populære blant nye studentar og har no blitt ein tradisjon.
Norsk kurs for Erasmus-studentar	Sep - des		Siste runde. Vurdering i 2017 om dette kurset bør fortsette.
Wordkurs for norske studentar x3	September/Oktober	IT-avdelinga	Godt oppmøte på alle tre. Vurderte eit fjerde, men det verkar som at alle som hadde ynskje om å delta fikk plass.
Wordkurs for internasjonale studentar	Oktober	IT-avdelinga	Dårleg oppmøte, men kan skjuldast feil i kommunikasjon på epost og liknande.

*Arrangement som er merka grå er nye av året.

2.5 Synlighet og profilering

I løpet av dette året har det vært en del omvendinger i profileringsarbeidet, for å teste ut nye metoder å profilere oss selv på. Det har blitt mye mer fokus på digital markedsføring, og å få studenter på arrangement. Vi har brukt en del tid på å prøve og se hvor langt man kan komme med forskjellige typer markedsføring og ut i fra dette sette sammen en designprofil Informasjonsansvarlig i senere år kan jobbe ut fra.

2.5.1 Facebook

Facebook har vært brukt som et verktøy fra vår side. Vi kan se at med den rette promoteringen og ved å legge et par kroner inn i Facebooks annonseverktøy kan vi nå mange flere enn ved kun de 1600 likerklukkene vi har på siden vår. Det har vært en effektiv måte å nå ut til studenter, men innleggene må være ute minst en uke i forkant for at det skal være effektivt. Den første gangen vi prøvde dette ble det fullsatt sal på Rokken. Dette har gjort at vi har bestemt oss for å kutte bort mye av den fysiske markedsføringen vi driver (plakater til hvert arrangement osv.) og gå over til å satse på kun digital markedsføring. Der vi kun bruker et sosialt medium, vi har Twitter og Instagram, men de når ikke ut til nok folk og skaper ikke et engasjement på lik linje som Facebook.

2.5.2 Grafisk profil

Et mål med dette året har vært å skape en grafisk profil vi kan bruke som en mal til markedsføring av arrangement. Vi har prøvd flere ulike farger i forskjellige situasjoner for å se hva som funker best til vår blåfarge. Planen er at denne håndboken skal være ferdig til April, men vi kan allerede nå se at forskjellige blånyanser og hvit er de fargene som går best hånd i hånd når det kommer til STiV sitt arbeid.

2.5.3 Profileringsmateriell

Under profileringsmateriell-posten har det gått mest i penner, et banner, t-skjorter til studenttinget og gensere til arbeidsutvalet. Det er mest fordi vi ser dette funker. Det er fint å se at studentene bruker pennene vi deler ut, samt at vi på arrangement kan profilere oss selv med både penner og t-skjorter når studenttinget hjelper til. Et klart mål for neste år er å få inn litt annet profileringsmateriell, noe som går godt sammen med både oss og det vi jobber med. Vi kan nå ut til flere studenter om vi tenker litt utenfor boksen og tør gjøre noe kult med profileringsvalgene vi har. Vi må klare å gjøre oss selv mer sett og kjent for de forskjellige studentene. For eksempel med å lage månedlige nyhetsfilmer på Facebook. Mange studenter har hørt om STiV, men det virker som lite studenter vet hva vi gjør. Det er en utfordring vi må tørre å ta på strak arm.

2.6 Sosiale aktivitetar internt i STiV

I 2016 har vi kun arrangert ein sosial kveld på våren som vart middag og vors før konsert på Studenthuset. Utanom dette arrangerte vi hyttetur og julebord på Nipehyttene som fungerte svært godt. Hyttene er små slik ikkje alle får plass i ei om gongen, men er mykje meir koseleg enn å vere på Standalhytta. Reisen dit er også lettare pga vær og vind. AU handla fredagen før vi reiste inn og hadde ein sosial kveld saman før tinget kom lørdags ettermiddag. God mat og drikke samt fint med underholdning på kveldstid. Tidspunktet i desember er aldri optimal, så dette må nytt AU vurdere om den skal settast i november i staden.

3 Samarbeid

3.1 Samarbeid med studentlag og –organisasjonar

STiV har hatt eit godt samarbeid med dei ulike studentlaga og studentorganisasjonane. STiv er paraplyorganisasjon for alle studentorganisasjonane, og bistår med praktisk og økonomisk støtte. Meir om tildeling av velferdsmidlar under kap. 4 Økonomi.

3.2 Samarbeid med HVO og Studentsamskipnaden

Leiingsmøta mellom STiV, HVO og SiVolda har fungert godt. Her deltek rektoratet og administrativ leiing frå HVO, direktør i SiVolda leiar og nestleiar i STiV. Desse møta er viktige for å sikre informasjon og kommunikasjon mellom studentane, leiinga og samskipnaden. Så langt det har lete seg gjere, har ein hatt møter to gongar i månaden.

Samarbeidet med Pangaia og internasjonalt kontor har også blitt betre. Her er det ikkje faste møter, men etter behov knytt til ulike arrangement vi samarbeider om. Vi har blitt flinkare til å informere kvarandre og til å kommunisere ope angående utfordringar. Likevel må vi fortsette å jobbe med dette samarbeidet.

3.3 Samarbeid og deltaking regionalt og nasjonalt

3.3.1 Studentrådet - UH-nett Vest

Dette studentrådet består av dei ulike leiarane for studentdemokratiet på Vestlandet. Dette er per dags dato: Studenttinget i Volda, Studentparlamentet for Høgskolen i Sogn og Fjordane, Studentparlamentet ved Høgskolen i Bergen, Studentparlamentet ved Universitetet i Bergen, Studentparlamentet Stord/Haugesund og Studentorganisasjonen ved Universitetet i Stavanger. Frå STiV si side deltek leiar på møte med Studentrådet, gjennomsnittleg tre gonger i semesteret. Kvar februar arrangerer Studentrådet ein konferanse i Bergen med ulike tema. Elles har leiar kontinuerlig kontakt med Studentrådet og samarbeider på relevante punkt. Viktig til neste år: fylgje e med kva som skjer med UH-Nett Vest samarbeidet med tanke på fusjonen mellom HiSF, HiB og HSH.

3.3.2 Samarbeid – Norsk Studentorganisasjons (NSO)

Norsk Studentorganisasjon (NSO) er paraplyorganisasjonen for alle studentdemokratia som er medlem. Per dags dato er dette 43 medlemsslag spreidd over heile landet. STiV har gjennom 2015 deltatt på alle arrangement som NSO har arrangert. Dette er landsmøtet, avspark (august) og høstkonferansen (oktober). NSO arrangerer også ein rekke leiarsamlingar som leiar delta på. Desse har på hausten blitt lagt til datoar kor leiar ikkje har hatt moglegheit til å delta og derfor ikkje fått nytta samlingane. Likevel har leiar

og nestleiar i STiV god kontakt med ein rekke leiarar og sjølve arbeidsutvalet til NSO. Vi har fleire gongar fått tildelt midlar får fonda til NSO, mellom anna til Utveksling 1-2-3. Elles har NSO blitt brukt ein god del under lønnsforhandlingane i haust. Vi oppmodar om at neste AU brukar NSO så mykje dei kan, nettopp fordi dei har god kompetanse på alle områder og er villig til å hjelpe i stor grad.

Gjennom NSO har leiar og nestleiar kontakt med andre med same verv i heile landet på Facebook. Denne gruppa har vi prøvd å bruke meir og meir, der vi held kontakt på relevant punkt. Denne gruppa og auka kontakt med andre har gjeve ekstra erfaringsutveksling som hjelper både oss og dei.

3.3.3 Deltaking på kurs og konferansar

Kurs/konferanse	Tidspunkt	Kven deltok
Studentrådskonferanse UH-Nett Vest	Februar	9 AU- og studenttingsmedlemar
Regionmøte NSO	Mars	4 delegatar
Landsmøte NSO	Mars	4 delegatar og 1 observatør
Leiarsamling NSO	August, november	Datoane vart lagt til tidspunkt der leiar/nestleiar ikkje hadde høve til å reise. T.d. i Fadderveka.
Høstkonferansen	Oktober	
Avspark	August	
Konferanse - Lykkepromillen	Desember	Leiar vart invitert til Oslo for å ha erfaringsutveksling med andre studentparlament som har arbeidd med Lykkepromille- prosjektet. Her blei det delt erfaringar og løysningar på

4 Økonomi

4.1 Budsjett og rekneskap

Studenttinget vedtok budsjettet for 2016 på kr 200 000 på studenttingsmøtet 30.11.15. Budsjettet vart revidert på møtet 27.01.16. Endringa bestod i å øyremerkje 5 000 kr frå posten "støtte til lag og organisasjonar" til pris for internasjonisering.

STiV fekk som rekna 200 000 kr i midlar frå HVO og SiVolda i 2016. I tillegg fekk STiV inn 6 000 kr i inntekter frå standleige. Midlane vart brukt på fylgjande måte:

Rekneskap for STiV 2016	
Inntekter	
Støtte frå HVO	kr 110 000
Støtte frå Studentsamskipnaden i Volda	kr 90 000
Inntekter frå standleige	kr 6 000
Totalt	kr 206 000

Utgifter			
Drift av STiV	Revidert budsjett	Utgifter	Til gode
6880: Seminar, kurs o.l.	kr 24 000	kr 21 809,64	kr 2 190,36
6268: Møtegjennomføring	kr 23 000	kr 22 984,06	kr 15,94
7322: Informasjon/profilering	kr 35 000	kr 34 089,91	kr 910,09
7413: Sosialt	kr 20 000	kr 17 556,73	kr 2 443,27
6899: Drift/kontor	kr 3 000	kr 1 433,30	kr 1 566,70
6899: Anna	kr 5 000	kr 3 447,90	kr 1 552,10
Sum	kr 110 000	kr 101 321,54	kr 8 678,46

Støtte til lag og org.	Revidert budsjett	Utgifter	Til gode
Lag/organisasjonar	kr 80 000	kr 71 400	kr 8 600
Pris for internasjonisering	kr 5 000	-	kr 5 000
Fadderveka	kr 5 000	kr 5 000	kr -
Sum	kr 90 000	kr 76 400	kr 13 600

Resultat	kr 200 000	kr 177 721,54	kr 22 278,46
-----------------	-------------------	----------------------	---------------------

Som det framgår av rekneskapen, hadde STiV relativt mykje midlar att ved årsskiftet. Inntektene på 6 000 kr frå Standleige vart ikkje inkludert i budsjett/rekneskap, og vart heller ikkje brukt. Totalt hadde STiV dermed 28 278,46 kr som ikkje vart brukt. Ubrukte midlar blir ikkje overført til seinare år. Ein bør difor bli flinkare å fylgje budsjettet, slik at pengane kjem til nytte.

Når det gjeld drift av STiV, var det postane “møtegjennomføring” og “informasjon/profilering” som stod att med minst ved årsskiftet, medan det stod att mest pengar på postane “seminar og kurs” og “sosialt”. Det er samstundes snakk om små summar, og det er vanskeleg å treffe budsjettet akkurat.

4.2 Tildeling av velferdsmidlar

STiV har delt ut fylgjande i velferdsmidlar dette året:

Støtte	Studentlag/-organisasjon	Kva søkt midlar til	Sum
Vår			
1	Student-KRIK Volda	Hybelkveldar og nytt sportsutstyr	Kr 5000
2	RE:ACT Volda	Mat og prat for flyktningar, mat og utstyr til sommaravslutning, kopikort	Kr 4500
3	Studentsamfunnet i Volda	Mat til frivillige under VEKA	Kr 5000
4	Peikestokken	Trykk-kostnader	Kr 5000
5	Natura	Leige av hytter – omdisponert til Grill og fiskestenger	Kr 5000
6	DokFilm	Den norske dokumentarfilmfestivalen	Kr 5000
7	VOKS	Fastelavn, kopikort, mat og materiell	Kr 2000
8	VSI	Midlar til utstyr på styrkerom	Kr 5000
9	VSI	Forsikring	Kr 2900
10	Volda studentradio	M!ka mikrofon	Kr 5000
11	Studentsamfunnet i Volda	Hyttetur og 17.mai lunsj	Kr 5000
12	VOKS	«Tekst ein vaffel» og sommaravslutning	Kr 2000
Haust			
13	StudentKRIK Volda	Surfetur	Kr 5000
14	VSI	Bergen Challenge + eigenandel kurs	Kr 5000
15	Peikestokken	Trykk-kostnader	Kr 5000
16	VEKA2017	Kostymer, rekvisittar og liknande til revyen	Kr 5000
Sum		Sum totalt til lag og organisasjonar 2016:	Kr 71.400

Når det gjeld tildeling av velferdsmidlar til lag og organisasjonar, stod det att 13 600 kr. 5 000 av desse var tenkt til pris for internasjonalisering. Her kunne STiV forutsett at prisen for internasjonalisering ikkje ville bli delt ut før i 2017 og omdisponert midlane. Ved å informere betre til lag og organisasjonar om at der var midlar til gode, kunne ein då fått brukt opp meir av midlane. Men igjen, også her er det vanskeleg å treffe akkurat.

4.3 Strategiske midlar

STiV søkte om strategiske midlar til to arrangement i 2016, i tillegg til vidareføring av språkkurset for utanlandsstudentar. Sjå tabellen under for oversikt.

Strategiske midlar	Tildelt sum	Utgifter	Til gode
Psykisk fagdag	kr 10 000	kr 10 000	kr -
Utveksling 1-2-3	kr 8 000	kr 6 030	kr 1 970
Norskurs, Erasmus-studentar V2016	kr 22 500	kr 20 538	kr 1 962
Norskurs, Erasmus-studentar H2016	kr 17 500	kr 19 338	kr -1 838
Sum	kr 58 000		kr 2 094